



Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

2003 / 02997	204
ASR/BS	
TIN	486

Høyring på utkast til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Vi syner til høyringsbrev frå landbruksdepartementet av 28.10.03. Her følgjer Fylkesmannen sine kommentarar.

Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Generelt

Slik utviklinga i skognæringa har vore siste åra, meiner vi det er positivt å samla tidlegare tilskotsforskrifter i ei forskrift. Dette vil i utgangspunktet også forenkla forvaltninga av tilskotsmidla. Eit av hovudmåla med overføring av oppgåver til kommunane er å styrkja det lokale sjølvstyret. Det er ut frå dette uheldig at forskrifta legg nye avgrensingar inn i forvaltninga av tilskot til skogbruksformål. Vi meiner eksempel på dette er § 2-1 og § 5-1. Vidare går det fram av høyringsbrevet at det også er tenkt lagt restriksjonar på bruk av tilskot vegbygging.

Forskrifta er svært generell og kortfatta, og den gir difor lite føringar for kommunen. Det er positivt med tanke på at skogbruket rundt i landet har svært ulike utfordringar. Men vi hadde gjerne sett at dei meir generelle delane av forskrifta hadde vore klarare og meir utfyllande. Denne forskrifta og "Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket" kunne også med fordel vore meir samkjørte. Spesielt søknadsbehandlingsdelen bør vera mest mogleg lik i dei to forskriftene.

Det er ein del tiltak som gir størst effekt per tilskotskrone ved at tiltaka går over ein region eller fylke. Det burde difor vera høve til å fordela ein viss prosent av tilskotsmidla til slike felles tiltak. Det vil bli svært byråkratisk å fordela midla til kommunen, som i neste omgang eventuelt må løyva små beløp tilbake til fylkesnivå.

Det går ikkje klart fram av forslaget til forskrift om kommunen kan laga eigne retningslinjer som diskriminerer enkelte eigarkategoriar; t.d. offentlege eigedommar, spesielt store eller små eigedommar, geografiske avgrensingar osv.

Det er i dag ulike rutinar for løyving og utbetaling for midlar til miljøtiltak i jordbruket og midlar til skogbruksformål. Dette meiner vi er uheldig og verkar unødvendig kompliserande. Når kommunane får alle tilskotsmidla i ein samla pott, bør rutinar for løyving, utbetaling og rapportering vera mest mogleg lik for alle ordningar innan

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59	Lagårdsv. 78	51568700	postmottak@fm-ro.stat.no	Langflåtn. 29	51568700
4001 Stavanger	Stavanger	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 210 Sentrum	Telefaks:
		51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568941

denne potten. Dette vil forenkla byråkratiet og gjera lettare å kommunisera ordningane til næringsutøvarane.

§ 1-2

Siste setning bør flyttast til §7-4

§ 3-2

Den "50%-regelen" som er nemnt i høyringsbrevet vil vera vanskeleg å praktisera og vil truleg medføra at det vil bli bruka langt mindre enn 50% til skogsvegar. Sidan det vil bli svært vanskeleg å få tilskot til større fellestiltak og miljørette skogsveganlegg, må ein rekna med at det vil bli bygt langt fleire små og mindre tilpassa vegar. Dette vil kunna medføra ein bruk av offentlege midlar som ikkje er kostnadseffektiv og berekraftig.

Det er positivt med krav om byggjeplan, men det hjelper lite når de ikkje stillast klare krav til innhald i ein byggjeplan. Vi kan ikkje sjå at det er godt nok at krav til innhald i ein byggjeplan står på baksida av eit søknadsskjema, slik vi har fått signal om, så lenge dette ikkje har heimel i lovverket.

§ 4

I område av landet er berre ein mindre del av det produktive skogarealet er MiS-registrert, vil dette kravet opplevast urettferdig. MiS-registrering er av kostnadsomsyn ikkje aktuelt i mange mindre skogområde, men det ulike miljørestriksjonar likevel kan bli særleg tyngande.

§ 5-1

Vi meiner det er uheldig å leggja restriksjonar på kommunane sitt høve til å gi tilskot til taubanar. Dette vil i fleire tilfelle vera den mest miljøvennlege måten å ta ut skogsvirke på. Alternativet kan ofte bli mindre miljøvennlege skogsveganlegg.

§ 6

Det bør her vera nærare grunngitt kva minstekrav som stillast til søknad om utbetaling; dvs. krav om dokumentasjon mv. som er nødvendig. Sidan økonomireglementet i Staten skal gjelda, bør reglane i dette leggjast til grunn.

§ 7-1

Vi stiller spørsmål ved kvifor det er heimla krav om resultatkontroll i denne forskrifta. Resultatkontroll bør utførast uavhengig av om det er gitt tilskot til tiltaket og bør difor ha ein annan heimel.

Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket

Ved tilskott til bygningar bør det være med at antikvariske prinsipp leggjast til grunn for rett til midlar. Ved tilskott til areal/anna bør det leggjast inn krav om at dette blir skjøtta/halde ved like eit visst antal år, eksempelvis 10 år.

Det bør vere ein kobling til miljøplan for rett til tilskott. Miljøplan trinn 2 bør vere gjennomført eller igangsett.

§ 5. Det er ønskelig med presisering av kor stor prosent det maksimalt kan gjevast til bygningar grunna at mykje av midlane kan gå med til bygningar om dette ikkje blir presisert nærare Tidlegare har maksimal prosentsats for bygningar vore 35 %.

§ 7 siste setning. 10% . Forslag om endring til 25%.

§ 3 Det bør presiserast kven som har rett til tiskott. Er det til dømes eigar eller leietakar

Med helsing

Joan Oltedal
fylkesjordsjef

Geir Helge Rygg
førstekonsulent

Saksbehandlar: Geir Helge Rygg
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 83
E-post: geir.rygg@fm-ro.stat.no